



Vedteke i kommunestyret 12.12.2019

## Skyssreglement for grunnskulen i Volda kommune

Utarbeidd med heimel i Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa (opplæringslova) §§ 7-1, 7-3 og 13-4 og i samsvar med Møre og Romsdal fylkeskommune sitt skyssreglement for grunnskulen.

### 1. Formål, verkeområde, rettsgrunnlag og ansvar

#### 1.1 Formål

Skyssreglementet skal sikre tydelege retningslinjer og gjøre det føreseieleg for elevar og føresette. Sentrale prinsipp i forvaltninga er at ho skal vere regelstyrt, føreseieleg og basert på likehandsaming.

#### 1.2 Verkeområde

Skyssreglementet omfattar alle born busett i Volda kommune som har rett og plikt til grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 2-1.

#### 1.3 Ansvar

Jfr opplæringslova § 13-4, er kommunen ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar som har rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Elles er Møre og Romsdal fylkeskommune ansvarleg for skuleskyssen.

Viss kommunen ynskjer ei betre tilpassing av skuleskyssen enn det rettane etter opplæringslova tilseier, vert kommunen sjølv ansvarleg for meirkostnadene med dette.

Rådmannen har delegert til kommunalsjef oppvekst å handsame søknader om skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

#### 1.4 Retsgrunnlaget

Opplæringslova § 7-1:

*Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.*

Ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og kommunen kjem fram i opplæringslova § 13-4:

*Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter personakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.*

Utdanningsdirektoratet har gitt rettleiing i høve til kva moment som kan vere med i vurderinga av særleg farlege eller vanskelege strekningar i rundskriv Udir-2-2019, punkt 2.2:

*Ved vurderingen av om veien er «særlig farlig eller vanskelig», må det gjøres en objektiv og en subjektiv vurdering.*

- *Objektiv vurdering: Kartlegge alle relevante forhold ved veien og trafikkforholdene og vurdere om dette er «særlig farlig eller vanskelig».*
- *Subjektiv vurdering: Vurdere om den enkelte eleven har forutsetninger for å ta seg forsvarlig frem i det aktuelle trafikkbildet.*

*Momenter i den objektive vurderingen:*

*Momenter som kan være aktuelle i denne vurderingen er bl.a. fartsgrense, trafikktetthet, tilrettelegging for fotgjengere, bredde på veien, sikt, gangfelt, belysning og veikryss.*

*Det er viktig å huske på at veiforholdene kan endre seg i ulike årstider (lys/sikt, føre og brøyting). Dette kan føre til at en elev får en farlig eller vanskelig skolevei i deler av året.*

*(....)*

*Momenter i den subjektive vurderingen:*

*Barnets alder, utvikling, syn og hørsel er eksempler på momenter som kan være sentrale i denne vurderingen.*

Utdanningsdirektoratet framhevar at det ut frå ordlyden i oppsl. § 7-1 må vere tale om ein "særleg risiko" for å få rett til gratis skuleskyss. Ved tolkinga har direktoratet lagt til grunn at elevar som ferdast i trafikken alltid vil vere utsette for ein viss fare. Dette er likevel ikkje i seg sjølv nok til å få gratis skuleskyss:

*«Barn som oppholder seg i trafikken vil alltid være utsatt for en vis fare, og det kan ofte være vanskelig for barn å forholde seg til trafikk. For å få rett til skoleskyss må det foreligge en «særleg risiko». ettersom det må vere tale om ein 'særleg risiko'»*

## 2. Eleven sin heim og skule

### 2.1 Eleven sin heim

Bustad er i utgangspunktet den adressa eleven står oppført med i folkeregisteret. Fosterheim, mellombels bustad og avlastningsheim vert og rekna som bustad.

Ved delt bustad er bustad begge foreldrebusnadene. Eleven må då faktisk bu to stader, og eleven sitt opphold hjå kvar av foreldra må vere ei rimeleg fast, planlagt og regelmessig ordning, og ikkje improviserte enkeltbesøk. Eleven har då rett til skyss frå begge heimane. Vurdering knytt til forsvarleg reisetid vil kunne avgrense denne retten.

### 2.2 Eleven sin skule / skulefritidsordning

Kommunen avgjer kva skule eleven hører til. Elevar soknar i utgangspunktet til den skulen som ligg nærmast heimen. Det er likevel opning for å søke om å gå på annan skule enn nærskulen.

I tilfelle der søknader om å gå på annan skule enn nærskulen vert innvilga, er hovudregelen at dei føresette må ta ansvar for organiseringa av og kostnadene med skuleskyss. Viss søknaden er grunngjeve med pedagogiske eller sosiale tilhøve som er naudsynt for å sikre retten til opplæring, jf opplæringslova §§ 2-1 og 9a-2, kan gratis skuleskyss likevel verte innvilga.

Elevar har ikkje rett på skyss til og frå skulefritidsordning. Unnataket er elevar som grunna funksjonshemmning eller mellombels skade/sjukdom har behov for skyss. Skade/sjukdom må dokumenterast med ei sakkunnig erklæring.

Retten omfattar ikkje skyss i skuleferiar.

### 3. Vedtak og klagerett

Vedtak om skuleskyss er eit enkeltvedtak som det er klagerett på. Frist for å klage er tre veker etter at vedtaket er motteke. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er klageinstans, men ein klage skal sendast til samferdsleavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune. Viss fylkeskommunen opprettheld vedtaket, vert den sendt vidare til Fylkesmannen.

Klage på vedtak gjort av kommunen, skal sendast til kommunalsjef oppvekst.

### 4. Særskilde skyssreglar for grunnskuleelevar i Volda kommune

Elevar som har skuleveg på vegstrekningar lista opp under, vert innvilga kommunal skuleskyss.

#### *Hornindal skule*

- Elevar i 1.- 4. klasse som bur langs fylkesveg 726 frå Steinledet (ikkje med) til fylkesveg 60, og langs vegen til Ytre Haugen
- Elevar i 1.- 10. klasse som har fylkesveg 60 frå Storebrua til Fannemel som skuleveg
- Elevar i 1.-7. klasse som nyttar fylkesveg 60 frå bru over Vikaelva til Skavika (Ytre Svor) som skuleveg
- Elevar som går 2.-10. klasse som har strekninga Grothaug – skulen som skuleveg.

Vinterskyss 15. oktober - 15. mars

- Elevar i 4.-7. klasse som bur langs fylkesveg 726 frå Steinledet (ikkje med) til fylkesveg 60, og lang vegen til Ytre Haugen
- Elevar i 8.-10. klasse som nyttar fylkesveg 60 frå bru over Vikaelva til Skavika (Ytre Svor) som skuleveg.

#### *Folkestad skule*

- Elevar i 1. – 10. klasse som bur langs fylkesveg 40 frå Rønstad til gamleskulen.

#### *Austefjord skule*

- Elevar i 1.-7. klasse på strekninga Aurstad – Austefjord skule
- Elevar i 1.-4. klasse på strekninga Skinnvik – Austefjord skule

*Bratteberg skule*

- Elevar i 1.-4. klasse på strekninga Fremmerlid – Bratteberg skule (Hoggabakkane)

*Andre strekningar*

- Dersom det kjem fram skyssbehov grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg utover dei som er lista opp over, vert desse vurderte som enkeltsaker etter søknad.

*Endringar*

- Ved endringar som gjer skulevegen tryggare på strekningar der det er innvilga kommunal skyss, skal den innvilga skyssen vurderast på nytt.

*Oppvekst*

*Des 2019*